

Saksbehandlar: Helga Bjørkhaug, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/4207-1

## **Sogn og Fjordane Teater – generalforsamling 2016; vedtektsendring og framlegg til styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer.**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Som styreleiar for Sogn og Fjordane teater vert foreslått
2. Som styremedlem for Sogn og Fjordane teater vert foreslått
3. Som styremedlem for Sogn og Fjordane teater vert foreslått
4. Som varamedlemmer til styret vert foreslått i rekkjefølgje
  - 1
  - 2
  - 3

#### Vedlegg:

1. Innkalling til generalforsamling 21.06.2016
2. Årsmelding for Sogn og Fjordane teater L/L for 2015
3. Endring av vedtektene for Sogn og Fjordane Teater L/L

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Teater er organisert etter aksjelova, og det er såleis generalforsamlinga som formelt sett vel styre, som skal ha fem medlemmer. Fylkeskommunen sit med 80% av aksjane, Førde kommune med 20% av aksjane.

Hovudutval for næring og kultur er delegert mynde til å foreslå kandidatar til styret for Sogn og Fjordane Teater. Fylkeskommunen skal foreslå tre styremedlemmer, inkludert styreleiar. Det skal foreslåast tre varamedlemmer i rekkjefølgje. Vala gjeld for fire år.

Førde kommune foreslår 1 medlem m/vara. Dei tilsette har etter dagens ordning ein fast styreplass og ein vedtektsfesta observatør med talerett.

#### I noverande styre sit:

Styreleiar: Håkon Fimland, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Nestleiar: Iris Loftheim, Førde kommune

Styremedlemmer: Ola Tarjei Kroken, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Kristine Lie, Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Kjell Furevik, vald av dei tilsette ved Sogn og Fjordane Teater

Varamedlemmer til styret i rekkefølge (oppnemnde av fylkeskommunen):

- 1 Hanne Oftedal
- 2 Eva Marie Halvorsen
- 3 Torbjørn Vereide

Varamedlem frå Førde kommune: Ivar Svensøy

Varamedlem frå dei tilsette: Reidun Støfring

## **2. Generalforsamlinga 2016**

Generalforsamlinga 2016 vert halden 21. juni i Førdehuset, jf innkalling, vedlegg 1.

I eiga sak til generalforsamlinga fremjar styret ved Sogn og Fjordane Teater framlegg om endring av vedtektene, jf vedlegg 3. I gjeldande vedtekter har dei tilsette ved teateret rett på ein fast styreplass og ein vedtektsfesta observatør, jf § 3. Dei tilsette ønskjer å endre dette til ein fast styreplass og tre varamedlemmer i rekkefølge. Saka er tatt opp av dei tilsette sjølve, og har vore drøfta i styret, seinast på styremøte 10.05.2016. Styret gjekk inn for å endre vedtektene i tråd med ønskje frå dei tilsette, og legg dette fram som sak på generalforsamlinga i juni. Endringa her er i tråd med det synet fylkeskommunen tidlegare har hevda.

Hovudutval for næring og kultur skal foreslå styreleiar, to styremedlemmer og tre varamedlemmer i rekkefølge til styret for Sogn og Fjordane teater; i alt 6 personar. Vala gjeld for fire år.